



Fire julebukkar frå ulike kantar av bygda, utan maske, men med sitt eige levande andletsuttrykk. Her helsar dei på husnissen i Beinavikjo.

Julebukkane er ute på sine vandringar i kveld. Redaksjonen har alt hatt fire songglade julebukkar på besøk. Julebukkane på 13. dag jul er eit kjend omgrep langt tilbake i tid. Mange av figurane var utkledde med masker, ofte for å skremma. I dag er julebukkane snille. Ikkje alle har masker. Nokre er sminka og brukar sitt eige andletsuttrykk.

I Beinavikjo fekk julebukkane møta nissen i huset. Dei fortalde at dei kom frå dalen, Nausthaugen og frå Korsneset. Alle gjekk på same skulen og dei var til vanleg venninner. Dei fire julebukkane song På låven sitter nissen og i korga var det alt mykje godsaker.

Redaksjonen takkar for besøket og seier til alle i kveld: Ta godt imot julebukkane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ei ny gruppe julebukkar på Kråkehugen og Neset.